

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2016	Formannskapet i Radøy	PS	18.02.2016
008/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	03.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/224	16/1545

Fornyning eller forlenging av permanente sals- og skjenkeløyve

Saksopplysingar:

Sals- og skjenkeløyve vert gjeve for ein fireårs periode. Dei løyva butikkane og skjenkestadane har i dag går ut 30. september 2016. Tildeling og vilkår vert gjeve av *Lov om omsetjing av alkoholhaldig drikk m.v. (alkohollova)*, *Forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk mv. (alkoholforskrifta)* og dei kommunale alkoholpolitiske retningslinene.

Hovudregelen er at ein søker om fornying kvart fjerde år, og at søknaden vert sendt på høyring til Politiet og sosialtenesta før kommunestyret handsamar søknadane (jamfør §1-7, andre ledd i alkohollova).

Det er frå 1.1.2016 gjort endringar i alkohollova som seier at ein kan vika unna frå hovudregelen (alkohollova § 1-7, tredje ledd), dersom vilkår er oppfylt. Vilkåret er at noverande kommunestyre må ha vedteke alkoholpolitiske retningslinjer (alkohollova §1-7, fjerde ledd). Retningslinjene vil bli lagt fram for kommunestyret i juni.

Dersom kommunestyret gjer vedtak om alkoholpolitiske retningslinjer, kan ein altså gjera vedtak om å forlenga dei løyva som er i dag utan søknadsprosess. Ein gjer likevel vedtak om forlenging for kvart einskilde løyve, og kan leggja til eventuelle nye vilkår som skal gjelda for den einskilde staden. Rådmannen ser dette som fordelar for verksemdene, som då slepp å senda inn ny søknad. Intensjonen med det nye lovvedtaket er mellom anna å spara administrativt arbeid med søknadshandsaming.

Rådmannen ser også ei utfordring med å vedta forlenging, knytt til §1-7 og 1-7b i alkohollova. Det skal innhentast vandelsopplysingar på løyvehavar og andre med vesentleg påverknad på sals- eller skjenkestaden, og dersom det ikkje vert levert ordinær søknad må administrasjonen likevel henta fleire av dei opplysningane som ein elles får i søknaden. Ein har erfaring med at samansetjinga endrar seg i løpet av fireårsperioden, og at kommunen dermed ikkje kan gjera seg nytte av søknad som er sendt tidlegare. Rådmannen er dermed usikker på i kva grad det vert mindre administrativt arbeid totalt sett.

Etter ei totalvurdering vil rådmannen likevel rå til at sals- og skjenkestadane får tilbod om å forlenga løyvene utan søknadsprosess.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sals- og skjenkestadane i Radøy får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess.

Formannskapet i Radøy - 014/2016

FS - handsaming:

Else Marie Skartveit Dale (KrF) stilte spørsmål ved at alkoholpolitiske retningslinjer ikkje er vedteke før ein tar stilling til fornying eller forlenging av permanente sals- og skjenkeløyve. Rådmann Jarle Landås svara at det vil verta lagt fram ei ny sak etter at kommunestyret har revidert alkoholpolitiske retningslinjer.

Skartveit Dale gjorde det klart at ho på prinsipielt grunnlag røystar mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak med 6 mot 1 røyst (KrF).

FS - vedtak:

Sals- og skjenkestadane i Radøy får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess.

Kommunestyret i Radøy - 008/2016

KS - handsaming:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding mot 2 røyster (KrF).

KS - vedtak:

Sals- og skjenkestadane i Radøy får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess.

Vedlegg:

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v